



# Høyringsuttale (KF-340)

Referansenummer: WBEZEB

Registrert dato: 01.08.2017 10:58:06

<b>Innleiing</b>	
Uttalen blir gjeven <input checked="" type="radio"/> Personleg <input type="radio"/> På vegner av føretak/lag/foreining	
<b>Opplysningar om innsendaren</b>	
Førenamn Gro	
Etternamn Fyllingsnes	
Adresse Fyllingsnesvegen 113	
Postnummer 5913	Poststad EIKANGERVÅG
Telefon 97112044	
E-post grofyllingsnes@hotmail.com	

<b>Høyringsuttale</b>
<b>Høyringsuttale</b>
Velj høyringsuttale: <input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan samfunnsdel <input type="checkbox"/> Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen <input type="checkbox"/> Områdeplan Lonelva-Juvikvarden
<b>Uttale</b> <p>Lindås kommune har mange tiltak innan idrett og musikk. Når det gjeld bildande kunst finst det ein del spreidde tiltak, men det kan gjerast meir for å skapa noko som kan plassera kommunen på kartet også innan dette området. Med Galleri Gamleskulen i Eikangervåg ynskjer vi å skapa eit lite senter for bildande kunst, med utstillingslokale, kurs og kafe. Eit nybygg ved sida av det gamle huset vil kunna gje betre rom for ein slik aktivitet. Det vil også vera aktuelt å bruka friluftsområda i nærleiken til å utforma landskapskunst, noko som kan gjera området meir attraktivt å ferdast i. Her kan ein få inn samarbeid med skular og involvera barn og unge i det skapande arbeidet. Kulturkveldar med forskjellig program er også mogeleg. Det kan vera visekveldar og litteraturkveldar. Tanken er at Galleri Gamleskulen kan bli ein utfartsstad for folk som bur i omkringliggjande strøk.</p> <p>Det å ta vare på huset og vidareutvikla det er ein del av det å ta vare på bygdeidentiteten. Mange har eit forhold til denne bygningen. Det vil også verta større tilflytting til Eikangerbygda i framtida, noko som gjev behov for samlingsstader og kultur - og fritidsaktivitetar. Det er få møtestader att i bygda, kun skulen, ingen samfunnshus eller storstove.</p> <p>Nordhordland Kunstlag har gjennom ei årrekke etterlyst utstillingslokale og kanskje opplevd at bildande kunst ikkje har hatt den heilt store plassen i Lindås kommune. Galleri Gamleskulen kan vera eit bidrag til ein start til å profilera kommunen på dette feltet også.</p> <p>Lindås kommune kan vera ein aktiv medspelar til å samkøyra satsinga med den oppblomstringa av kunstgalleri som har vore dei seinare åra, ved for eksempel å hjelpa til å laga fellesbrosjyrer for den aktiviteten som finst innan kunstfeltet.</p> <p>I Sverige har dei fleire stader kor dei arrangerer kuntrunder, med opne galleri og verkstader og stort tilsig av publikum, f.eks. ved påsketider ( Øvre Frykens Kunstrunde).</p> <p>Underteikna er no i gang på heiltid med å jobba fram eit kunst og kultursenter ved Galleri Gamleskulen. Ved å satsa på dette vil kommunen nettopp ha fokus på å møta nye trendar og behov, og det vil gjera Lindås meir nyskapande og synleg.</p> <p>Når det kjem ny skule i Eikangerbygda er det også å håpa på at den gamle skulen kanskje kan bli samfunnshus der ein kan nytta lokala til utstillingar og kurs om sommaren. Då kan prosjektet bli verkeleg sett på kartet. Det er avgjerande for ein kulturkommune å satsa breidt og ha tilbod for alle.</p>

